



RIKSANTIKVAREN  
Postboks 8196 DEP  
0034 OSLO

Dato: 06.07.2017  
Vår ref.: 2015/8551-96  
Saksbehandlar: solrong  
Dykkar ref.:

## Oversending av søknad om omdisponering av BARK-midlar tildelt 2016 til Håkonshaugen, Lindås kommune, Hordaland

Me visar til vår søknad om BARK-midlar av 22.01.2016 vedlagt søknad frå Lindås kommune, dykkar brev av 21.4.2016 med tilsegn om midlar gjennom statsbudsjettet 2016 kap 1429, post 70, samt vårt brev med rapportering og søknad om vidareføring av midlar av 31.10.2016. Hordaland fylkeskommune har mottatt søknad om omdisponering av midlar frå Lindås kommune for prosjektet «Håkonshaugen». Søknaden ligg vedlagt dette brevet.

Opphavleg søknad om midlar til oppgradering av Håkonshaugen i Lindås, Askeladden ID 66400, hadde sterkt fokus på universell utforming. Tiltaket var omfattande, men ville gje trinnfri adkomst til kulturminnet. Omfattande planar om fjerning av murar og gjerder, og erstatning av noverande helledekket med gressarmering ville gjera haugen til ein del av eit heilskapleg landskap. Jamfør søknaden frå Rambøll på vegne av Lindås kommune er det grunna omsynet til naboeigedommar ei rekke av tiltaka som ikkje kan gjennomførast.

- Det let seg ikkje gjera å fjerna gjerder, då grunneigar på naboeigedom ynskjer skilje mellom eigedommane.
- Muren aust for haugen kan ikkje fjernast, då denne har bærande funksjon for traktorveg.
- Universelt utforma tilkomst i form av gangveg som erstatning for trapp kan ikkje gjennomførast då det ikkje er tilstrekkeleg areal på eigedommen Lindås kommune eig til å gjennomføra dette. Lindås kommune søker omdisponering for å nyta midla til ny trapp som skal vera universelt utforma.

Lindås kommune søker om omdisponering for dei tiltaka som ikkje kan gjennomførast i tråd med opphavleg søknad. Sjå vedlagt søknad for detaljar.

### Vurdering

Ein av dei største postane i budsjettet i søknaden er at helledekket nord for haugen skal skiftast ut med grasarmering. Grasarmering vil gje eit bærande dekke som fyller krava til universell utforming, og ved trinnfri adkomst ville slik tilrettelegging gjera haugen tilgjengeleg for alle. Ved omdisponering av midlar er det imidlertid ikkje lenger aktuelt å laga universelt utforma gangveg til haugen slik at det er råd å komma til med rullestol. Dette gjer at trangen til å ha eit bærande dekke aust for haugen etter vårt syn vert kraftig redusert. I tillegg til universell utforming var del av føremålet med å skifta ut heller med grasdekke at haugen i større grad skulle framstå som del av landskapet. Ettersom det ikkje lenger er aktuelt med fjerning av gjerder og murar vil etablering av grasdekke der det no er hellelagt få mindre innverknad på haugen. Me ser av søknaden om omdisponering at planlagt ny trapp vil vera universelt utforma, men etter vår vurdering

er ikkje dette tilstrekkeleg stort fokus på universell utforming til at vår tidlegare vurdering av søknaden står ved lag.

Den eldre tilrettelegginga av haugen er frå 1950-talet. Ved opphavleg søknad vart det vurdert kor vidt den eldre tilrettelegginga hadde ein verdi i seg sjølv som døme på tidstypisk tilrettelegging frå 50-talet. Det vart då vurdert at omsynet til universell utforming var viktigare og skulle vega tyngst. Den eldre tilrettelegginga vart skildra som slitt og vanskeleg å skjøtta og bruka. Då fokuset på universell utforming no er redusert finn me det likevel meir aktuelt å tilrå ei bevaring av den eldre tilrettelegginga heller enn å endra delar av denne. Dei tiltak som måtte vera naudsynt for å sikra den eldre tilrettelegginga reknar me som så langt frå opphavleg søknad at me vil tilrå Lindås kommune at det vert sendt ein ny søknad om dette. Endringar av den eksisterande tilrettelegginga vil òg krevja dispensasjon frå kulturminnelova.

Formidling av haugen er eit godt tiltak som kan gjennomførast utan å gjera store endringar i den eksisterande tilrettelegginga.

### Konklusjon

Fokuset på universell utforming var grunnlaget for at Hordaland fylkeskommune i utgangspunktet var positiv til eit prosjekt som ville medføra så store inngrep i sirkringssona til eit automatisk freda kulturminne. Den store kostnaden med prosjektet kunne forsvarast med tanke på målet om universell tilgang til eit kulturminne. Med det reduserte fokuset på universell utforming ser me ikkje lenger at det er naudsynt å bruka så store midlar på prosjektet, og stiller oss difor ikkje bak Lindås kommune sin søknad om omdisponering av midlar. Fylkeskommunen er framleis positiv til den delen av søknaden som omhandlar formidling og vil tilrå at tildelinga på 15 000,- til informasjonstavle(r), jf. søknad, står ved lag.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
LINDÅS KOMMUNE

Vedlegg

- 1 Søknad om omdisponering av BARK-midlar tildelt 2016 til Håkonshaugen, Lindås kommune, Hordaland